

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
Postboks 24
5401 STORD

Vår dato: 25.03.2022

Vår ref.: 202203940-3 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.:

Senking av Løkjelsvatn, Etne kommune i Vestland - vedtak om mellombels fråvik

Vi viser til brev frå Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) av 11.02.2022 om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for å senke Løkjelsvatn.

Om søknaden

SKL fekk i kongeleg resolusjon av 22. juni 2018, løyve til å byggje Løkjelsvatn kraftverk. Det nye kraftverket skal nytte eksisterande inntak i Løkjelsvatn, som er det gamle inntaket til Hardeland kraftverk. Det er naudsynt å gjere omfattande rehabiliteringsarbeid, mellom anna bore ei sjakt frå den gamle driftsvassvegen like nedstraums inntaket.

SKL fekk i vedtak av 25.03.2019 løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Løkjelsvatn kraftverk, for å senke magasin Løkjelsvatn under LRV (kote 605,8) til ca. kote 600 over ein periode på inntil 2 månader mellom 1. juli og 15. september. SKL starta i juli 2019 med å senke magasinet, men fann at dei ikkje klarte å senke det så mykje som ønskeleg innanfor tidsrommet dei hadde søkt om. Dei avslutta tappinga i midten av juli 2019. Arbeidet blei utsett og dei søker no på nytt om å senke magasin Løkjelsvatn. Senkinga skal gjerast over ein periode på inntil 2 månader mellom 10. april - 15. september 2022.

Høyring

Søknaden er sendt på ei avgrensa høyring til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Etne kommune. NVE bad om tilbakemelding av eventuelle nye forhold som kan være av betydning når det gjeld søknaden.

Statsforvaltaren i Vestland skriv i brev av 21.02.2022 at dette er eit naudsynt tiltak med stor samfunnsverdi, og det må akseptrast noko mellombels ulempe for allmenne interesser. Dei reknar med at bestanden av fisk eller anna naturmiljø knytt til vatnet ikkje vil bli nemneverdig påverka av fråviket.



Ingen av dei andre instansane har ytterlegare kommentarar.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til fråvik frå manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket kjem etter vårt syn inn under dette føremålet. Statsforvaltaren seier dei kan akseptere noko mellombels ulempe for allmenne interesse fordi dette er eit naudsynt tiltak med stor samfunnsverdi, men det må ikkje påverke fisk og anna naturmiljø i nemneverdig grad.

NVE viser til at det ikkje er andre kjende verdiar av betydning i elvelaupet, og ingen av høyringspartane har teke det opp. NVE meiner det er viktig å gjere jobben så raskt som mogleg og oppmodar SKL til å ha god dialog med råka partar. Fråviket må ikkje påverke kravet om minstevassføring i Sørrelva.

NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som ein skal ivareta når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er mellombels og berre er knytt til arbeidet med rehabilitering i samband med bygging av Løkjelsvatn kraftverk. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Ved å ta omsyn til dei punkta vi har nevnt over, kan ikkje NVE sjå at mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Løkjelsvatn, er til nemneverdig skade for nokon kjende allmenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Sunnhordland Kraftlag AS kan mellombels fråvike frå manøvreringsreglementet for Løkjelsvatn kraftverk, punkt 1, om å senke magasin Løkjelsvatn under LRV (kote 605,8 NN2000) ned til kote 600 over ein periode på inntil 2 månader mellom tidsrommet 10. april - 15. september 2022.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyve blir gitt på følgande vilkår:

- Kravet til minstevassføring på utbyggingsstrekninga skal overhaldast i alle periodane.
- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.



- Nedtappinga skal kunngjerast ein gong lokalt i god tid før nedtappinga startar. Råka grunneigarar og fiskerettshavarar skal orienterast før oppstart.
- Instrument for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samstundes med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje alt er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om klageadgang.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

Kopimottakarliste:

ETNE KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 uker fra den dagen vedtaket kom frem til deg. Hvis vedtaket ikke har kommet frem til deg, starter fristen å løpe fra den dagen du fikk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkelig at du postlegger klagen før fristen løper ut. Klagen kan ikke behandles dersom det har gått mer enn 1 år siden NVE fattet vedtaket
Du kan få begrunnelsen for vedtaket	Hvis du har fått et vedtak uten begrunnelse, kan du be NVE om å få en begrunnelse. Du må be om begrunnelsen før klagefristen løper ut.
Hva skal med i klagen?	Klagen bør være skriftlig. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none">• Skrive hvilket vedtak du klager på.• Skrive hvilket resultat du ønsker.• Opplyse om du klager innenfor fristen.• Undertegne klagen. Hvis du bruker en fullmektig, kan fullmektigen undertegne klagen. I tillegg bør du begrunne klagen. Dette betyr at du bør forklare hvorfor du mener vedtaket er feil.
Du kan få se dokumentene i saken	Du har rett til å se dokumentene i saken, med mindre dokumentene er unntatt offentlighet. Du kan henvende deg til NVE for å få innsyn i saken.
Vilkår for å gå til domstolene	Hvis du mener vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan bare gå til søksmål dersom du har klaget på NVEs vedtak, og klagen er avgjort av OED som overordnet forvaltningsorgan. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 måneder siden du sendte klagen, og det ikke skyldes forsømmelse fra din side at klagen ikke er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekket vesentlige og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innen 3 uker etter at klagevedtaket kom frem til deg.
Hvem kan klage på vedtaket?	Hvis du er part i saken, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket hvis du har rettslig klageinteresse i saken.
Hvor skal du sende klagen?	NVE vurderer om vedtaket skal endres. Dersom NVE ikke endrer vedtaket, vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringen er basert på forvaltningslovens regler i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.